



GISKE KOMMUNE

Miljø og kultur

Det kongelige kulturdepartement

Dykkar ref.:

Vår ref.: 14/914-5

Dato: 01.09.2014

## ENDRING I LOV OM STADNAMN - HØYRINGSSVAR

Vedlagt oversender Giske kommune sine merknadar til Endringsframlegga i Lov om stadnamn. Konklusjonen i vedtaket er slik:

*Giske kommune har tidlegare hatt innvendingar til endringa i Lov om stadnamn. Men etter avklaringane i e-postane frå Kulturdepartementet, har kommunen ikkje dei same innvendingane. Giske kommune ber likevel om at våre tidlegare innvendingar og problemstillingar som blir drøfta i saksutgreiinga, vert tekne med i det vidare lovarbeidet.*

Me vil gjere særskilt merksam på dei presiseringane som er oversende frå Kulturdepartementet (sjå vedlegg). Det er desse som gjer at fråsegna er så vidt positiv. Det er likevel problemstillingar knytte til at brukseigar skal ha øyeblikkeleg avgjerdsrett for skrivemåten av bruksnamnet – utan høyring:

**A;** Brukseigaren får ikkje kjennskap til alle fakta i saka,

**B;** Kva viss der er fleire eigararar til eit bruk og ulike meiningar? Kven skal då bestemme? I vår kommune indikerer stikkprøver at om lag 20% av bruka har fleire eigarar.

**C;** Dokumentasjonskravet er svært diffust og det kan vere vanskeleg å vite kva ein skal godkjenne eller ikkje og dette er **ikkje** klårt definert i lovteksten.

Som det gjeng fram av presiseringssvara me har fenge frå Kulturdepartementet skal det vere same vedtaksreglar for bruksnamn som **ikkje** er avleidde av gardsnamnet, som for dei som er avleidde. Utifrå svara i tillegg, ser det ut til at Statens kartverk må rekne også bruksnamn i brukarens ortografionnske som offisielle, vedtaka dei viss det er påkravd og kanskje til og med setje dei på kartet. Dette kan fort føre til rot og misforståingar. Departementet argumenterer med at kommunen får *mindre* arbeid med høyringar når brukseigaren kan vedta skrivemåten direkte utan høyring. Men dersom kommunen ønskjer ein annan skrivemåte, så gjeld dei same høyringsreglane som før for organisasjonar og andre lokale interessegrupper. Såleis innfører denne nye ordninga faktisk eit tilleggsarbeid. Både må brukseigaren får sin versjon, og det offentlege må lage tilleggsarbeid viss dei ønskjer ein annan skrivemåte. Det offentlege må såleis fylgje to ulike vedtaksmåtar etter motstridande prinsipp. Dette blir meir byråkrati.



# GISKE KOMMUNE

Miljø og kultur

Vi vil også presisere at bruksnamn som ikkje er avleidde av gardsnamnet, er mykje vanlege på Vestlandet. Dei har stor kulturhistorisk verdi slik vi påpeikar i oppsummeringa i Giske kommune sitt vedtak F-079/14, og dei er oftast **ikkje** laga av brukseigarane. Det er grannane som har laga desse bruksnamna gjennom daglegtalet for å markere staden og kor folk høyrer heime. Derfor er det bygda sitt namn, meire enn brukseigaren sitt.

Dei fleste endringane som er gjorde, er definisjonar og presiseringar som er henta frå Forskrifta eller kommentarane til Forskrifta. Det er svært ryddig og ei stor forbetring. Det er derfor ønskjeleg at det blir like klårt **korleis** ein skal vedtake bruksnamn som ikkje er avleidde av gardsnamnet og kva for status dei eventuelle ulike versjonane av desse namna skal ha.

Giske kommune har også reist spørsmålet om kor lenge ein brukseigar skal ha retten til å bestemme over eit bruksnamn. I dagens situasjon er dei gamle gardsbruka borte. Grunneigaren sit kanskje att med eit tun og litt utmark, medan all dyrkajord er omgjort til bustadfelt, industri, handel eller offentlege føremål. Skal dei likevel reknast som brukseigarar til gard med eksklusiv vedtaksrett til skrivemåten av bruksnamnet?

Med helsing

Trine Naadland  
biblioteksjef/stadnemndkonsulent  
e-post: trna@giske.kommune.no

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.07.2014	ENDRINGAR I STADNAMNLOVA - HØYRING	244369
01.09.2014	Svar på spørsmål frå Giske kommune -- høyringsnotat om endringar i stadnamnlova (L)(.pdf	245553
11.08.2014	OPPFØLGINGSSPØRSMÅL FRÅ GISKE KOMMUNE - HØYRING AV STADNAMNLOVA	245694